



FORTIDEN I TRONDHEIM BYGRUNN:  
FOLKEBIBLIOTEKSTOMTEN

# MEDDELELSER NR. 8



7

JAN RAGNAR HAGLAND



RUNEFUNNA

EI KJELDE TIL HANDELEN SI HISTORIE



FORTIDEN I TRONDHEIM BYGRUNN:  
FOLKEBIBLIOTEKSTOMTEN

# MEDDELELSER NR. 8



JAN RAGNAR HAGLAND

## RUNEFUNNA

EI KJELDE TIL HANDELSHISTORIA

**MEDDELELSER NR 8**

fra prosjektet  
**FORTIDEN I TRONDHEIM BYGRUNN:  
FOLKEBIBLIOTEKSTOMTEN**

Jan Ragnar Hagland

**RUNEFUNNA: EI KJELDE TIL HANDELSHISTORIA**

Riksantikvaren, Utgravningskontoret for Trondheim

Trondheim 1986, 2. utgave 1990

## FORTIDEN I TRONDHEIM BYGRUNN:

Et prosjekt i samarbeid mellom Riksantikvaren, UNIT/Historisk institutt og Trondheim Kommune.

ISBN 82-90652-27-5, 2. utgave

200 eks.

Forsiden: "Merkelappar" av ulike utformingar  
(N 29077 og N 29918). Teikning: Eleanor Forfang.

Publisert av: Riksantikvaren,  
Utgravingskontoret for Trondheim,  
Kongens gate 85,  
N-7012 TRONDHEIM

Trykk: Trondheim Kommunes representant.

Skrifter i serien Meddelelser kan bestilles ved henvendelse til kontoret. Pris  
Meddelelse nr. 8, 2. utgave, nkr. 50,-.

## FORORD.

"Handel" er et av de ord som oftest går igjen i byhistoriske arbeider. Arkeologene har i særlig grad vært opptatt av byenes handelsaktivitet ut fra studier av utenlandsk produsert keramikk funnet i bygrunnen. Slik importert keramikk mener arkeologene reflekterer handelskontaktene med utlandet. Variasjonene og den kvantitative sammensetningen av keramikk materialet reflekterer svingninger og dominanser i disse handelsforbindelsene.

Andre "varer", som brynestein, kleberkar og baksteheller er produkter som reflekterer varebyttet mellom byen og omlandet/regionen.

Når arkeologer studerer "handelen" i byene i middelalderen, er begrepet "handel" i slike sammenheng redusert til et spørsmål om å påvise at (i noen tilfeller også hvordan) gods har forflyttet seg fra et sted til et annet. Derfor spiller proveniensbestemningen av "varen" en stor rolle i den arkeologiske analysen, og representativitetsproblemet (ikke alle varer har satt seg fysiske spor) er blitt flittig debattert.

Men et større problem er det at det arkeologiske materialet bare oppfanger utvekslingens objekt ("varen"), men kan ingenting berette om hvilke former for vareutveksling som ligger bakom: Vareutvekslingen kan ha resiprok, redistributiv eller markedsorientert karakter: Utveksling av gods og varer har funnet sted i alle samfunnsformer til alle tider, men formene for utveksling har skiftet alt etter hvilken historisk betinget sosial og økonomisk kontekst vareutvekslingen har inngått i.

I prosjektet "Trondheims fortid i bygrunnen: Folkebibliotekstomten" inngår "handel og vareutveksling" som en av to funksjonsorienterte delanalyser. (Prosjektprogram: Meddelelser nr. 1, ss. 45f, Trondheim 1985). Målsetningen for denne analysen er å forsøke å studere "handelens" og utvekslingens former ut fra et utvalgt gjenstandsmateriale (runeinnskrifter, mynt, kleberkar, bryner og baksteheller, råstoff (horn) samt keramikk og glass). I denne analysen er m.a.o. selve studiet av utvekslingens objekter prioritert ned til fordel for et forsøk på å karakterisere arten og eventuelle endringer i den "kommersielle" aktiviteten i Trondheim gjennom middelalderen.

I denne arbeidsrapporten viser prof. Jan Ragnar Hagland, nordisk institutt ved Universitetet i Trondheim, hvordan runematerialet kan bidra til å kaste nytt lys over handelen mellom Island og Trondheim på 11-1200-tallet, en handel som angivelig har funnet sted innenfor organiserte "felag".

Trondheim, 10.12.1986

Axel Christophersen  
Prosjektleder

## **FORORD TIL 2. UTGAVE.**


Denne arbeidsrapporten er trykt opp i nytt opplag bare med få rettelser. De kronologiske opplysningene på s.19 er oppdaterte i forhold til Meddelelser nr. 24 (1990).

Trondheim, november 1990

Axel Christophersen  
Prosjektleder

**INNHALD.**

<b>1.</b>	<b>INNLEIING.</b> . . . . .	7
<b>2.</b>	<b>OVERSYN OVER MATERIALET.</b> . . . . .	10
	2.1 Omfang. . . . .	10
	2.2 Lange eller korte innskrifter?. . . . .	10
	2.3 Grupper av innskrifter etter innhaldet. . . . .	11
	2.4 Alder. . . . .	13
<b>3.</b>	<b>MERKEPLAPPAR SOM HISTORISK KJELDEMATERIALE.</b> . . . . .	16
	3.1 Spørsmål om proveniens. . . . .	16
	3.1.1 Namnestatistiske forhold. . . . .	21
	3.1.2 Språklege forhold. . . . .	22
	3.1.3 Runologiske forhold. . . . .	22
	3.1.4 Konklusjon. . . . .	26
	3.2 Jamføring med skrivne historiske kjelder. . . . .	27
	3.3 Innhaldet i innskriftene som "tekst". . . . .	29
<b>4.</b>	<b>AVSLUTNING.</b> . . . . .	32
	<b>APPENDIX.</b> . . . . .	33
	<b>LITTERATUR</b> . . . . .	49



Folkebibliotekstomta, Trondheim



## 1. INNLEIING

Den følgjande presentasjonen av runeinnskriftene frå Folkebibliotekstomta er å rekna som ei samanfatning og eit førebels oversyn, der hovudvekta er lagd på dei delane av tilfanget som kan samlast i større grupper etter innhald, og som kan brukast til å kasta lys over bestemte sider ved byhistoria. Innskriftene vil såleis ikkje bli lagde fram og kommenterte gjenstand for gjenstand i denne omgangen. For oversyns skuld er likevel heile materialet atgjeve dokumentarisk til slutt i oversynet.

Kvar innskrift er nemnd ved funn-nummer i framstillinga (N-nummer). Runeinnskriftene frå Folkebibliotekstomta er elles registrerte sentralt, ved Universitetets Oldsaksamling i Oslo med eit addenda-nummer (A-nummer). Dette er gjeve i den fullstendige lista til slutt i oversynet, der det også er gjeve opplysning om funnlokalitet i gravefeltet (F-nummer) for å letta arkeologisk plassering av materialet. Dette nummeret er gjeve ved sida av A-nummeret i lista. I tillegg er det også gjeve opplysningar om kva hovudfase av feltet kvar gjenstand er funnen i. På lista er denne opplysninga merkt 'fase' + nr. Ved hjelp av dette fasenummeret vil såleis funnkonteksten til kvar innskrift kunna tidfestast.

I arbeidet med å leggja fram dette materialet har eg hatt stor nytte av mange verdfulle korrigerande synsmåtar på førebels utkast til den rapporten som no ligg føre. Eg vil med dette få takka fagfeller ved Riksantikvarens utgravingskontor i Trondheim, arkeologisk avd. ved DKNVS Museet, Runearkivet i Oslo, Nordisk og Historisk institutt ved Universitetet i Trondheim, AVH for synsmåtar og merknader. Sluttproduktet står eg likevel sjølvstøtt ansvarleg for åleine.

Før vi går nærare inn på tilfanget av runeinnskrifter frå Folkebibliotekstomta, vil det vera naturleg å sjå litt på eit par funn u t a n bevarte innskrifter, men som likevel har ein naturleg plass i ein presentasjon av runematerialet frå gravingane det her gjeld. Dei er på ein måte direkte kjelder til runeskriftas historie i det mellomalderlege bysamfunnet som lag for lag har avslørt mange av sine løyndomar ved dei arkeologiske gravingane frå 1973 til 1985. På same måte som i Bergen og i Lödöse er det nemleg også i Trondheim funne eit godt bevart d i p t y k o n (N 58120 og 59338, sjå fig. 1). Eit diptykon av dette mellomalderlege slaget er sett saman av to tavler med utskjeringar til å fylla voks i. Desse tavlene kan bindast saman og leggjast i hop som ei "bok", der ein kan skriva i voksen. Ved konserveringa vart det også funne skrivereiskap, ein såkalla *stylus* i voksen på den eine tavla (N 62831). Tavlene frå

Trondheim er ca. 30 cm høge og 12 cm breie. Dei er av tre og har utskorne hol for ryggfeste med lærreim e. l. Tavlene passsar nøyaktig saman når sidene med plass for voksflatene blir lagde mot kvarandre. Til saman vil skriveflata på dei to halvdelane av diptykonet utgjera nokså nøyaktig ei moderne A-4 side på papir.

Det er tydelege merke i botnen på både tavlene etter runeskrift. Fleire einskildteikn kan skiljast ut, men inga samanhangande innskrift som kan gi meining i dag. Likevel ber tavlene eller diptykonet tydelege teikn på flittig bruk. Dei vart funne inne i eit hus og gjenstandane låg i eit sjikt som no er datert til slutten av 1100-talet. Tilsvarande funn er altså gjorde frå gravingar i bygrunnen til andre nordiske mellomalderbyar. Tavla frå Bergen er spesiell både fordi ho er lita og fordi det har bevart runer i sjølve treverket, i botnen av utskjeringa der voksen skulle fyllast i. Det har truleg vore spesielle grunnar for det (jf. Liestøl 1964: 11f). Den bevarte teksten inneheld ei bøn til ein person om å skjera "eit rune-brev til Olav Hettusveins syster". Denne systema er i nonneklosteret i Bjørgvin, heiter det m.a. vidare. Dette fortel oss at rune-brev, kanskje av liknande slag - på voks - har vore ein måte å senda meldingar på, og det tyder på at denne forma for skriftspråk har hatt eit visst omfang. Saman med diptykonet i Lödöse er det også funne ein griffel med runeinnskrift - eit sitat på latin frå Davids salme nr. 50 i Vulgata (nr 51 i vår Bibel, jf. Svärdström 1982: 30ff). Det latinske sitatet peikar helst mot eit kyrkjeleg miljø. Men vi har også vitnemål som kan tyda på at runeskrift har vore brukt i slike "voksskrivebøker" også i kjøpmannsmiljø med tilknytning til dei bysamfunna det her gjeld. Interessant i så måte er noko sagaen fortel om Ingimundr Þorgeirsson, prest og kjøpmann frå Eyjafjord på Island. Han er kjend for mange ting som som ikkje kjem denne saka ved. Men vinteren 1188/89 var han i Bjørgvin etter ei kjøpmannsferd til England året før. Våren 1189 la han ut på ny handelsferd, ser det ut til, med skipet "Stangarfole" og kurs for Island. Men skipet kom aldri fram dit det skulle, og ingen visste kva som hadde hendt før fjorten år seinare. Då vart lika av sju mann funne i ein bergheller på ein ubygd stad på grønlandskysten. "Stangarfole" hadde drive av og forlist. Ingimundr kunne identifiserast, og ved sida av han vart det funne "voks og runer som fortalde om hendinga og korleis dei hadde late livet" (Sturl. I: 138). Om det her var presten eller kjøpmannen Ingimundr som bar med seg "skrivevoksen", lyt vel stå ope. Diptykona frå bygrunnen i Bjørgvin og Nidaros er i alle fall med og gir eit historisk grunnlag og ein "kontekst" til det sagaen her fortel.

Dei mange runefunna elles frå Folkebibliotekstomta syner at runeskrift har hatt ein plass i mellomalderens Nidaros, til mange slags føremål som vi skal sjå. Gjenstandar som det diptykonet vi her har sett, viser at dei bevarte innskriftene går inn i ein større brukssamanheng enn den vi får auge på om vi berre held oss til sjølve runetilfanget.



Fig. 1

*Diptykon (N 58120 og N 59338) - treplater med voks til å skriva i.  
Tilsvarende funn både i Bergen og Lödöse.  
Teikning: Penny English*

## 2. OVERSYN OVER MATERIALET

### 2.1 Omfang.

Utgravingane på Folkebibliotekstomta har fått fram i alt 110 gjenstandar med runer eller runeliknande rissingar. Av desse er 10 nokså sikkert krot eller tilfellelege riss, slik at det i alt er tale om 100 innskrifter med det vi kallar yngre runer. Yngre runer vil seia runer frå vikingtida og vidare framover i mellomalderen.

Innskriftene frå Folkebibliotekstomta representerer eit vesentleg tilskott til tidlegare registrert materiale. Før utgravingane starta på Bryggen i Bergen i slutten av 1950-åra, var det kjent om lag 600 innskrifter med yngre runer frå Noreg. Materialet frå Bryggen har gjort dette tilfanget om lag dobbelt så stort. Men likevel er funnmaterialet frå Folkebibliotekstomta så stort at om lag kvar 15. hittil kjende innskrift med yngre runer stammar frå gravingane her.

Funnmengda har variert mykje frå graving til graving i perioden frå 1973 til 1985. Storparten av runematerialet kom fram ved gravingane i 1974 og 75. I alt 58 av gjenstandane med innskrifter vart funne i dei to gravesesongane. Elles skriv 10 seg frå gravingane i 1976, 8 frå 1978, 9 frå 1981, 3 frå 1982, 1 frå 1984 og 11 frå 1985.

### 2.2 Lange eller korte innskrifter?

Innskriftene i materialet frå Folkebibliotekstomta varierer mykje både i omfang og innhald. Ein del av gjenstandane har såleis berre éi einskild rune og fortel oss ikkje så særleg mykje. Det er 4 slike med i materialet (N 23249, 22767b, 32965 og 93775). Den lengste innskrifta (N 32836) er heller ikkje så overvettas lang med sine 72 rune-teikn. Lengre skriftlege meldingar i form av brev o. l., slik vi kjenner frå Bryggen i Bergen, finst såleis ikkje i materialet frå Folkebibliotekstomta.

Denne samlinga med innskrifter, som er frå 1 til 72 runer, gir likevel eit mangslunge inntrykk av denne spesielle skriftspråkskulturen i mellomalderbyen. Dei fleste av innskriftene gir språkleg meining, jamvel om den vidare samanhengen rundt kvart einskild "tekst" ikkje alltid er like lett å sjå i dag. Men nokre av innskriftene gir inga språkleg meining i det heile. Runeteikna i seg sjølv er tydelege nok. Men dei verkar å vera tilfelleleg rissa, jamvel om dei av og til kan vera skorpe med eit føremål som vi i dag ikkje kan augna. I alt 12 av dei 100 innskriftene må reknast til den gruppa (N 22559, 25366, 26379, 38150, 39374, 38509, 39592, 58119, 58743, 58258, 77338 og

77614). Elles er det fleire innskrifter som er fragmentariske eller så defekte at det er uråd å få språkleg meining av det som er bevart. Det er i alle fall åtte slike (N 17930, 20884, 21142, 25735, 34071, 33456, 52445 og 79145).

Etter desse avgrensingane står vi att med 76 innskrifter som er slik at dei gir rom for språkleg bearbeiding og tolking. Desse innskriftene kan for ein stor del ordnast i grupper som kvar på sin måte seier oss noko om liv og lagnad i det mellomalderlege Nidaros.

### 2.3 Grupper av innskrifter etter innhaldet.

Den aller største gruppa av gjenstandar med runeinnskrifter er alle merkelappane med eigarnamn. Det synest også å vera den historisk sett mest interessante delen av materialet her, og hovudvekta i denne presentasjonen vil i det følgjande bli lagd på den. Vi skal likevel ta med eit kort oversyn over andre innskrifter som kan delast inn i grupper etter innhaldet.

I alt 23 av dei 76 meiningsberande innskriftene er altså merkelappar eller eigarmerke som etter alt å dømma har vore feste til varer som har komme til byen. Ein annan type eigarinnskrifter er også representert i materialet og kan kort nemnast her. *Þóra á mik ok hon gerði mik* står det såleis på eit lite runekjevle av tre (N 22564). Ein kam har innskrifta *kirira* (N 37425) - det er kanskje kvinnenamnet *Geirriðr* og presens av verbet *eiga*. Og endeleg har ein tredje gjenstand, eit lite tresverd, innskrifta *Ívarr evt. Jóarr á sverð*: "Ivar (Joar) eig sverdet" (N 56920, om tolkinga av personnamnet - sjå kap. 3.1.3 nedanfor og fig. 2). Slike eigarinnskrifter er tydeleg av eit anna slag enn merkelappane. Innskriftene her viser klårt nok til gjenstandane dei står på, og er såleis del av ein skikk vi kjenner til også i vår tid og vår nære fortid ("denne Bog tilhører mig med Rette, N.N.").

Den andre store gruppa med innskrifter er det vi kunne kalla **fupork**-innskrifter, eller alfabetinnskrifter. Det er 10 slike på 9 gjenstandar i funnmaterialet - heile eller defekte. Av desse har ei innskrift også "alfabetisk" oppsett - altså **a b c d** osv., med nøyaktig så mange teikn som trongst for å skriva på latin (N 21447). Dei spesielle nordiske konsonant- og vokalteikna er altså ikkje med der. **Fupork**-innskriftene finst elles på følgjande gjenstandar: N 17931, 25335 (to), 27723, 30468 (sjå fig. 3), 32836, 37065, 56920, 76464 og 93494.

Ved sida av dei større gruppene er det fire innskrifter med det vi kan kalla eit kyrkjeleg-religiøst innhald på latin eller hebraisk. To av desse (N 27122 og 28109) er




Fig. 2 *Ivarr á suirþ* - "Ivar eig sverdet" (N 56920). Barneleike med runeskrift.  
Teikning: Penny English




Fig. 3 Runekjevle (N 76464 med *fupork*-innskrift. Foto: Universitetets Oldsaksamling, fotoavdelingen.  
Copyright: Oldsaksamlingen.

såkalla **agla**-innskrifter. Den første er på eit lite trekors (sjå fig. 4), den andre på eit blykors. Formularen er ei forkorting, eit initialord, av eit hebraisk uttrykk som tyder: "Du er sterk i æva, Herre", og er kjend frå mange tilsvarande funn elles i landet (jf. NIyR VI: 88). Elles finst det ei innskrift med byrjinga på Pater Noster, eller Fadervår på latin (N 32836), og ei delvis uskjønleg som opnar med **iaurusalem** (Jerusalem?) og sluttar med **amen** (N 52709). Eit mogleg **amen** har vi kanskje også i N-96784.

Endeleg er det ei gruppe på fire innskrifter med meir eller mindre uskjønlege seriar av oppatt-tekne kombinasjonar på to eller tre runer, truleg med eitt eller anna magisk føremål (N 20884, 23252, 29251 og 93495). I tillegg finst det ein defekt todimensjonal variant av ei såkalla **sator**-innskrift (N 26747, sjå fig. 5). Det er ein palindrom - det vil seia ei innskrift som kan lesast likt i fire retningar. Slike palindromar var kjende over heile Europa og vart gjerne kalla "Faens firkant":

```

S A T O R
A R E P O
T E N E T
O P E R A
R O T A S

```

Den resterande delen av runematerialet frå Folkebibliotekstomta er einskildinnskrifter av ulike slag og ulik lengd. Vi skal ikkje gå i detalj inn på kvar av dei her, men berre visa til det translitterærte oversynet nedanfor.

#### 2.4 Alder.

Innskriftene varierer ikkje berre i omfang og innhald. Alderen ymsar også mykje i dette materialet. Dei eldste innskriftene synest å vera så gamle som frå tida kring år 1000. Aller eldst er kanskje eit ornament, eit dyrehovud utskore i tre, funne inne i eit hus på det djupaste gravenivået i 1976 (N 40930 sjå fig.6). Siste delen av innskrifta er her uviss, men første delen har mannsnamnet *Þorgeirr*, skrive **þurkair**. Skrivemåten av diftongen og bruken av **u**-runer for vokalen /o/ tilseier at dette er ei innskrift frå tida kring år 1000 (sjå kap. 3.1.3. nedanfor). Ei tilsvarande datering er gjort på stilhistorisk grunnlag, uavhengig av runeinnskrifta. Signe Horn Fuglesang har klassifisert ornamentikken på dyrehovudet som Mammen-stil, dvs. ein stilart som vanlegvis blir tidfest til siste del av 900-talet og litt ut på 1000-talet (jf. Fuglesang 1981: 21ff.). Framover i tid er det ikkje mogleg å setja strenge grenser, men dei arkeologiske dateringane elles gjer det rimeleg å rekna med at ein del av det yngste tilfanget kan vera så ungt som frå 1300- og 1400-talet. Kronologisk dekkjer såleis runeinnskriftene frå Folkebibliotekstomta ein periode på 3-400 år.




Fig. 4 *a.g.l.a.-innskrift (N 27122), truleg av det hebraiske attah gibbor leolam adonai - "Du er sterk i æva, Herre". Kjend frå kyrkjelege innskrifter i Noreg og elles i Norden. Foto: Universitetets Oldsaksamling, fotoavdelingen.  
Copyright: Oldsaksamlingen.*




Fig. 5 *Innskrift med sator-formelen (N 26747). Magisk formular som har kunna lesast likt framlengs og baklengs. Foto: Universitetets Oldsaksamling, fotoavdelingen.  
Copyright: Oldsaksamlingen.*





Fig. 6 Zoomorf trefigur (N 40930) med ornamentikk i Mammen-stil. For-og bakside. Foto: Universitetets Oldsaksamling, fotoavdelingen. Copyright: Oldsaksamlingen.

### 3. MERKELAPPAR SOM HISTORISK KJELDEMATERIALE

I dette runematerialet frå Folkebibliotekstomta skil altså dei såkalla "merkelappane" seg ut som den største einskildgruppa. Dei 23 "merkelappane" eller eigarmerka utgjer nesten ein tredel av dei gjenstandane som har innskrifter med språkleg meining, og ein femtedel av heile det registrerte tilfanget. Samanlikna med tilsvarande funn på Bryggen i Bergen er dette eit noko mindre korpus. Men dei 114 merkelappane som er registrerte i NIyR VI, utgjer om lag same prosentdel av heile tilfanget der.


Desse merkelappane er av ulik storleik og har litt ymsande form. Typisk er likevel at dei har anten utskore hol eller hakk av noko slag for feste med reip eller reim, eller mothakar for feste på anna vis - sjå utvalet som er vist på fig. 7. Jf. og tilsvarande utval frå Bryggen i Bergen (fig. 2 i Liestøl 1964:9).

Ein slik merkelapp har alltid eit personnamn (av og til kan det vera forkorta) og i dei fleste tilfelle presensforma av verbet *eiga* (*á*), til dømes *Gunnarr á* - "Gunnar eig". I nokre tilfelle står det berre personnamn, og nokre få gonger har verbet *eiga* eit objekt, *sekk* e. l. (sjå kap. 3.3.). Det er såleis tydeleg at merkelappane har markert eigeidom til ulike gjenstandar, anten det kjem eksplisitt til uttrykk i innskrifta eller ei. Det må såleis vera all grunn til å gå ut frå at dette er skriftlege primærkjelder i eigentlegaste forstand til varehandelens historie i mellomalderbyen.


#### 3.1 Spørsmål om proveniens.

Om vi har interessa samla om b y e n s historie slik som her, synest denne delen av runematerialet såleis å skilja seg ut som eit spesielt interessant kjeldemateriale. Det gjeld både tilfanget frå Bryggen i Bergen og frå Folkebibliotekstomta i Trondheim. Vi skal her samla synsfeltet om trondheimsmaterialet og undersøkje kva det kan tilføra av dokumentasjon til handelens historie i byen ved Nidelva.


Heile materialet med innskrifter på merkelappar frå Folkebibliotekstomta er som følgjer (normalisert form):



N 29077



N 28877



N 29918

Fig.7.  
"Merkelappar" av ulike utformingar (N 29077, N 28877  
og N 29918). Teikning: Eleanor Forfang.

Funn-nr.		Felt	Fase <sup>1</sup>
N 21492	<i>Árni á</i> , "Arne eig"	FA	8
N 21493	<i>Kolbjörn á sullr</i> , "Kolbjörn svull eig"	FA	8
N 21749	<i>Hoqskuldr á</i> "Hoskull eig"	FE	8
N 22970	<i>Illugi á</i> , "Illuge eig"	FA	8
N 23173	<i>Andrés á mik</i> , "Andres eig meg"	FE	7
N 23177	<i>Gunnarr á</i> , "Gunnar eig"	FE	7
N 23450	<i>Hallr á</i> , "Hall eig"	FA	8
N 25914	<i>þo</i> , ?	FA	8
N 26151	<i>Ari á</i> , "Are eig"	FE	7
N 26167	<i>Erlingr á</i> , "Erling eig"	FA	8
N 26714	<i>Bárdr á Hallgrímssonr</i> , "Bård Hallgrímsson eig"	FH	6/7
N 28877	<i>Gunnarr á</i> , "Gunnar eig"	FL	8
N 29076	<i>Árni á</i> , "Arne eig"	FF	8
N 29077	<i>Torfi auk Bqrkr</i> , "Torve og Bork"	FF	8
N 29324	<i>Hrifla á</i> , "Rivla eig"	FF	8
N 31162	<i>á Bárdr Sigurðarsonr</i> , "Bård Sigurdsson eig"	FF	?
N 29918	<i>Þjóðarr á</i> , "Tjodar eig"	FF	7
N 77135	<i>Þorgisl á</i> , "Torgils eig"	FG	7
N 77589	<i>Þórir á miserere min</i> , "Tore eig, hjelpe meg"	FG	7
N 77590	<i>Ormr á sekk</i> , "Orm eig sekken"	FG	7
N 77605	<i>Brandr á</i> , "Brand eig"	FG	7
N 77606	<i>Ófeigr á</i> , "Ufeig eig"	FG	7
N 91694	<i>Sigmundr á sekk þenna</i> "Sigmund eig denne sekken"	FU	4

I tillegg til desse 23 bør også nemnast ein tilsvarende merkelapp som vart funnen ved gravingar i tomte til den noverande Frimurerlosjen i Kongens gate, altså nokså nært Folkebibliotekstomta. Denne har innskrifta *Grímr á*, "Grim eig" og er utgjeven i NIyR V, nr. 464. Også N-26118 og 29151 (sjå oversynet i kap. 6) kan tenkjast å vera merkelappar. Dette er likevel så uvisst at dei ikkje er tekne med her.

Kvar for seg kan desse merkelappane knapt seia så mykje om handelslivet i mellomalderbyen - anna enn at dei utvilsamt dokumenterer ei viss form for handelsaktivitet. At det i det heile har vore behov for slik skriftleg eigarmerking, viser og at handelen må ha hatt eit visst omfang.

Som det går fram av oversynet ovanfor, synest storparten av materialet å skriva seg frå to hovudperiodar: 11 er frå hovudfase 8 som kan daterast til 1200-talet og 10 er

<sup>1</sup> Opplysningane om fase gjeld her *hovudfase* for heile gravefeltet. Om datering - sjå oversyn side 19

frå hovudfase 7, som kan daterast til andre halvdel av 1100-talet (fig. 8). I gravefeltet er desse funna samla om eit nokså konsentrert område, som det vil gå fram av kartet på fig. 9. Der er også fordelinga på dei ulike hovudfasane indikerte. Ei nærare drøfting av spørsmål som knyter seg til plasseringa av nett dette funnmaterialet, er gjort av Sæbjørg Walaker Nordeide i ein funksjons- og aktivitetsanalyse basert på gjenstandsmaterialet (Nordeide 1989: 85ff og 147). Litt upresist synest det her i alle fall å veragrunn til å seia at dei spor av handelsaktivitet som syner seg gjennom dette materialet med eigarmerke, i hovudsak kan tidfestast til ein periode på godt hundre år, frå siste halvdel av 1100-talet og framover.




Fig. 8 Oversyn over datering av fasane på Folkebibliotekstomta. Dei preliminære dateringane (Nordeide 1988) er viste med tynne, vertikale linjer. Tjukk strek gir det tidsrommet der hovudtyngda av dateringar fell. Dei revurderte dateringane, som er baserte på ein meir detaljert analyse av keramikk og mynt, er viste med breie, lyst skraverte kolonner. Dokumenterte brannar er markerte med prikk linjer. (Etter McLees 1990).

### 3.1.1 Namnestatistiske forhold.

Runeinnskriftene på desse gjenstandane gir i seg sjølv ikkje grunnlag for ei nøyaktig tidfesting. Dei har få merkeformer for datering og kan vera frå kva tidsrom som helst frå 1100-talet til ut på 1300-talet. Det er såleis ingen motsetnader mellom runeformene i materialet og dei arkeologiske dateringar som er gjorde her.

Innskriftene på desse merkelappane utgjer til saman eit ganske stort tilfang personnamn. Det må vera rimeleg å sjå dette gjenstandsmaterialet med merkelappar som e i t t korpus. Då synest namnematerialet det inneheld, å ha kjeldeverdi ut over den verdien det kan ha for namnegranskinga.

Det utvalet av namn som finst i korpuset, er interessant ut frå det vi elles veit om vestnordisk namneskikk i mellomalderen. Eit fleirtal av personnamna på merkelappane frå Folkebibliotekstomta er namn som synest å ha vore brukte over heile det vestnordiske språkområdet. I materialet her dreiar det seg konkret om namna *Arni* (2gg.), *Andrés*, *Bárdr* (2gg.), *Erlingr*, *Gunnarr* (2gg.), (*Grímr*), *Kolbjørn*, *Ormr*, *Sigurdr*, *Sigmundr*, *Þjóðarr*, *Þórir* og *Þorgils* (jf. Lind 1905-15).

Men i tillegg er det også eit forholdsvis stort innslag av namn som er typiske for islandsk namneskikk i mellomalderen, ut frå det andre kjelder fortel. Det vil seia at vi har mange belegg for at visse namn har vore nytta på Island, men få eller ingen på at dei har vore brukte i Noreg. På merkelappane frå Folkebibliotekstomta dreiar det seg om 10 (av 25) namn: *Ari*, *Bqrkr*, *Brandr*, *Hallgrímr*, *Hallr*, *Hqskuldr*, *Hrifla*, *Illugi*, *Ófeigr* og *Torfi*. Elles har eit namn som *Sigmundr* i materialet her spesielt mange belegg frå Island, jamvel om det er registrert også i Noreg. Det vil altså seia at i alle fall 40% av personnamna på merkelappane frå Folkebibliotekstomta er namn som først og fremst er knytte til islandsk namneskikk i mellomalderen, slik denne er kjend frå anna kjeldemateriale.

Det store innslaget av namn som tradisjonelt har vore rekna til islandsk namneskikk, gjer det naturleg å sjå nærare på spørsmålet om heimfesting av dette spesielle materialet. Proveniensen er nemleg vesentleg for tolkinga av desse innskriftene som kjelder til mellomalderbyens handelshistorie.

Det er neppe slik at det markerte innslaget med islandske namn utan vidare kan takast som prov på at denne delen av runematerialet er islandsk. Det er vel litt tilfelleleg kor godt det overleverte kjeldetilfanget elles kartlegg namnebruken i mellomalderen. Vi kanaltså prinsipielt sett ikkje utelukka at einskildtilfelle av elles typisk islandske namn som t. d. *Ari* og *Illugi* også har vore å finna i Noreg.

Men når vi såleis finn eit statistisk sett så markant innslag av namn som peikar mot Island, må det vera atskilleg mindre sjanse for at vi har med tilfelle å gjera.

### 3.1.2 Språklege forhold.

Det inntrykket som på denne måten dannar seg ut frå namnestatistiske forhold, kan også underbyggjast med reint språklege argument. Eitt av dei ti typisk islandske namna i materialet her har også språkleg form som eintydig høyrer heime i islandsk: N-29324 har innskrifta **h r i f l a a** - *Hrifla á* med **h** tydeleg markert før **r** (sjå fig. 10). I norsk språk var /h/ før /r/ fallen bort før år 1000. Dei få norske innskriftene med lydsambandet /hr-/ markert blir såleis rekna for å vera frå før den tida (jf. NIyR I: 143 og III: 109). At innskrifta på denne merkelappen frå Folkebibliotekstomta kan vera så gammal, er heilt utelukka, som vi har sett. *Hrifla* er eit heller sjeldsynt namn i kjeldene og har berre nokre få sikre belegg - alle frå Island. Namnet har *on*-stammebøying liksom det meir kjende mannsnamnet *Sturla*. Det eldste belegget elles refererer til ein person som levde kring år 1000 *Hrifla Þorsteinsson* (Lind 1905-15: 575). Denne personen skal etter tradisjonen ha vore sonesonen til sjølvaste Egill Skallagrimsson (Sanness Johnsen 1981: 121).

Namnet *Hrifla* såleis peikar mot Island av språklege grunnar. Det er heller ikkje sikkert belagt frå andre stader enn Island i kjeldene. Det må difor vera all grunn til å gå ut frå at innskrifta og namneberaren er islandske. Det gir oss eit temmeleg fast punkt å stå på i den vidare vurderinga av dette materialet.

### 3.1.3 Runologiske forhold.

Det er også runologiske drag ved desse innskriftene som peikar mot dei norrøne områda vest i havet. Eit spesielt drag ved innskriftene på merkelappane er såleis den frekvente bruken av **u**-rune med lydverdien /o/. I tillegg kjem ei innskrift med tilsvarande bruk av "punkttert" **u**.

Punkttert **u** med lydverien /o/ er elles heilt uvanleg i norske innskrifter. I den monn teiknet er brukt, har det hatt lydverdien /y/, seinare også /v/ ser det ut til (jf. NIyR N128 og 159). Den eine merkelappen frå Folkebibliotekstomta med punkttert **u** har det i mannsnamnet *Kolbjørn*, der vokalen i båe stavingar er markert med dette teiknet (/o/ og /ø /, N-21493, sjå fig.11).

Før gravngane på Bryggen i Bergen og i Folkebibliotekstomta i Trondheim var slik bruk av punkttert **u** berre kjend frå grønlandske innskrifter og frå ei islandsk. Eit mogleg belegg finst òg i ei innskrift frå Dublin (Stoklund 1981:143, Seim 1982: 160).



Fig. 10 *Hrifla á* - "Rivla eig" (N 29324). Teiknet <h> før <r> er typisk for islandsk på den tida det her er tale om. Foto: Universitetets Oldsaksamling, fotoavdelingen.  
Copyright: Oldsaksamlingen.




Fig. 11 *Kolbjørn á* - "Kolbjørn eig" (N 21493), med punktert u for /o/ og /q/. Foto: Universitetets Oldsaksamling, fotoavdelingen.  
Copyright: Oldsaksamlingen



### Merknad:

Ved gravingane på Bryggen er det også funne ei innskrift der punktert **u** kan ha lydverdien /o/ (NIyR N748). Innskrifta står på ein merkelapp liksom den frå Folkebibliotekstomta med slik bruk av dette teiknet: **þ + punktert u + r k i l s a**. Det er språkleg mogleg å gi denne punkterte **u**-en verdien /y/ her. NIyR drøftar dette og gir såleis alternativt namnet pyrgils. Det er likevel neppe tilfelleleg at denne spesielle bruken av punktert **u** er å finna på **m e r k e l a p p a r** både i innskrifta frå Trondheim og i den frå Bergen. Det heile går atskilleleg betre i hop om vi ser skrivemåten og gjenstandane i samanheng her. Merkelappar må i det alt vesentlege ha følgd med varer som kom til byen ein eller annan stad frå. Om vi då kan rekna denne punkterte **u**-runa i posisjon for /o/ (og /ø/) som eit spesielt vesterhavsfenomen i norrøn runetradisjon, fell denne litt avstikkande skrivemåten i desse innskriftene vakkert på plass. Trondheimsinn skrifta er funnen i ein fase som er datert til tida etter 1225. Det høver godt med tilsvarande skrivemåte i den elste bevarte islandske innskrifta (kyrkjedøra frå Valþiofstadir). Den er tidfest til ca. 1200 og brukar punktert **u**-runa for /o/ (2 gg. i ordet konong - Bæksted 1942: 16,42). Vi må såleis kunna gå ut frå som sikkert at også namnet på merkelappen frå Bergen høyrer til denne tradisjonen og skal lesast som borgils.

Innskriftene på N-26365 og N-56920 frå Folkebibliotekstomta har også punktert **u**, baa i sekvensen **i + punktert u + a r**. Dette gir anten mannsnamnet Jóarr eller Ivarr. Det siste inneber altså at den punkterte **u**-en må tolkast som /v/. Det har vi nokre få døme på elles i svenske og norske innskrift er frå 1100- og 1200-talet. Det gjeld NIyR N 128 (sylling kyrkje, ca 1150) og SR 5 Vg 200 og 227, baa frå midten av 1200-talet. Det er mogleg at desse to innskriftene frå Folkebibliotekstomta skal sjåast som del av denne skandinaviske tradisjonen, så vi kan sjå bort frå desse innskriftene her. Vidare har N 30690 etter alt å dømma punktert **u** med lydverdien /y/ i sekvensen **l y k i l**.

Også eit par andre drag kan peika vestover ved innskrifta N 21493, i tillegg til den spesielle bruken av punktert **u**. For det første er det nytta ei **r**-runa med form som elles er å finna særleg i grønlandske innskrifter (Stoklund 1982: 203). Forma er likevel ikkje heilt eineståande for Grønland. Det er m.a. også kjent frå Island (Stoklund 1981: 144). For det andre har namnet på nett denne merkelappen eit tillegg til sjøve eigarformularen - *Kolbjørn á*. Sekvensen **s u l r** på motsett side av merket må her oppfattast som eit apposisjonelt ledd til mannsnamnet. Slike bestemmande tillegg er, som det går fram av oversynet framanfor, ikkje så svært vanlege. Men som patronymikon finst dei - det vil seia som avstammingsnamn avleidd av farsnamnet. Både Hallgrímsson og Sigurdsson er representerte i materialet frå Folkebibliotekstomta. Det er då mest rimeleg å tolka tillegget **s u l r** som eit tilnamn, *sullr* eller *sollr*. Lind (1905-15: 940 og 1921: 348) har fleire belegg og set det både som personnamn og som tilnamn i samband med ordet *sullr* m "byll, svulst", både i sterk form som her og svak form *sulli*. Tilsvarande og like lite flatterande er synonymet *kveisa* kjent som tilnamn frå austnordisk språkområde. Det eldste hittil kjende belegget med den sterke forma *sullr* er frå Island (*Sturlunga saga*) frå tida kring midten av 1200-talet.

Sanness Johnsen (1981: 123) har lagt vekt på dei spesifikt grønlandske draga ved denne innskrifta og meiner at vi her kan ha med ein grønlanding å gjera. Som vi har sett, må

visse atterhald takast i så måte. Det er mogleg, men utanom bruken av punktert **u** kan neppe dei særdraga som finst ved innskrifta, brukast til heimfesting kvar for seg. Men til saman byggjer dei opp eit sterkt inntrykk av at dette er ei innskrift (og ein gjenstand) som har sitt opphav i eit av dei norrøne områda i vest om ikkje nødvendigvis Grønland, jamvel om det berre finst "svaga spår" etter nett dette namnet på Island (jf. Lind 1905-15: 704).

Også upunktert **u**-rune er altså relativt ofte nytta med lydverdien /o/ i innskriftene på desse merkelappane. Det gjeld både dei funn som er gjorde i Folkebibliotekstomta og funna frå Bryggen i Bergen. Dette er også avstikkande i høve til det vi elles veit om norsk runeskriftstradisjon. Fram til ein gong tidleg på 1000-talet var **ur**-runa felles teikn for vokalane /u/ og /o/ og i visse tilfelle /ø/ (jf. NIyR V: 242f og VI: 25). Etter den tida vart den gamle **áss**-runa nytta med lydverdien /o/, slik at /u/ og /o/ vart markerte med ulike runeteikn (𐌺 og ȝ). Bruk av 𐌺 eller ȝ som teikn for /o/ har såleis vore nytta som kriterium for å tidfesta norske runeinnskrifter før eller etter byrjinga av 1000-talet.

I runematerialet frå Folkebibliotekstomta er det to innskrifter med **u** for vokalen /o/ som må vera så gamle at dei representerer den eldre norske praksisen med felles teikn for /u/ og /o/ (N 37328 og N 40930). Dei er såleis ikkje noko problem her. Men alle andre tilfelle med **ur**-rune for /o/ eller /ø/ er å finna i innskriftene på merkelappane. Det dreiar seg om følgjande innskrifter, ei frå hovudfase 8 og tre frå hovudfase 7:

N-29077 **t u r f i a u k b u r k r** (*Torfi ok Bqrkr*)

N-29918 **þ i u þ a r : a** (*Þióðarr á*)

N-77590 **u r m r a s e k** (*Ormr á sekk*)

Kanskje også:

N-77606 **u f æ i k r a** (*Ófæigr á /Úfeigr á ?*)

Som vi har sett, synest innskriftene med merkelappar å måtta tidfestast til 1100-talet og seinare. Det er såleis ganske sikkert at denne bruken av **ur**-rune bryt det kronologiske skiljet vi elles finn i innskrifter frå norsk område når det gjeld funksjonsfordelinga mellom 𐌺 og ȝ som teikn for /u/ og /o/. Tre av namna med slik markering av /o/ høyrer, som vi ser, med i den gruppa som blir rekna for å vera typisk islandske namn: *Bqrkr*, *Torfi* og *Ófeigr*. Med den sterke tilknytnaden ein så stor del av desse merkelappane har til Island (kanskje også Grønland), synest det ikkje å vera så dristig ein hypotese at den "ukronologiske" bruken av **ur**-rune i desse innskriftene frå norsk område representerer ein *i s l a n d s k* runetradisjon frå det aktuelle tidsrommet på same måte som bruk av punktert **u** synest å gjera det. Det vil i tilfelle avgjera spørsmålet om namnet **ufæikr** på N 77606 skal oppfattst som *Úfeigr* eller *Ófeigr*. Det første ville reflektera den mest vanlege norske forma av forstavinga i dette namnet (unnateke størstedelen av trøndsk og nordvestlandsk), det andre vil gi att den islandske forma. Etersom dette namnet er rekna for å vera spesielt islandsk,

vil det siste vera det mest rimeleg her, og skrivemåten med **u**-rune må sjåast på line med dei tre andre tilfella i materialet. Det same gjeld **þiuþar** som truleg må oppfattast som *Þjóðarr* snarare enn *Þjúðarr*, ei form som elles ikkje er belagd i norsk.

#### Merknad:

Også i runematerialet frå Bryggen i Bergen finst dei registrerte tilfella av det vi her har kalla ukronologisk bruk av **u**-rune for /o/ på merkelappar (N712, 717, 718, 737, 743, 750 og 752 i NIyR VI). Med den nære tilknyt naden dette spesielle gjenstandsmaterialet elles synest å ha til Island, er det rimeleg å sjå dette draget som eit særlandsisk fenomen også her og såleis generelt i runeskrift frå 1100-1200-talet.

#### 3.1.4 Konklusjon.

Som vi har sett i det føregåande, er det til saman atskillege drag som peikar mot Island og ein 'runetradisjon vest for havet' i det einskaplege funnmaterialet som desse merkelappane utgjer. Den einaste naturlege og logiske forklaringa på det må vera at ein stor del av merkelappane må ha følgt med varer frå Island til Noreg. Vi må altså temmeleg sikkert kunna sjå i alle fall ein del av dette materialet som dokumentasjon på den varehandelen vi elles kjenner litt til frå andre kjelder - handelen mellom Island, eventuelt også Grønland og mellomalderbyen ved Nidelva. Den konsentrasjonen av merkelappar som har komme for dagen både ved gravingane i Folkebibliotekstomta og på Bryggen i Bergen, kan truleg best forklarast om vi ser det slik at dei har tent som merking av *import*varer til dei to handelssentra. Gods som har vore ført inn på den måten, har truleg hatt særlege behov for merking, spesielt det som kom frå Island, kanskje også Grønland. Denne handelen synest nemleg i høg grad å ha vore organisert som fellesføretak der varer frå mange "eksportørar" har følgt med skipslastene over havet til Noreg eller eventuelt andre stader. På eit skip var det vanlegvis to *stýrimenn*, og dei disponerte over meir plass ombord enn resten av mannskapet. Men elles ser det ut til at eit skipsmannskap har hatt rett til plass for varer. Heile mannskapet på eit islandsk handelsskip var såleis også kjøpmenn. Dette kan også kallast ei form for "felagshandel", der altså merking av varene ombord må ha vore svært viktig for den einskilde deltakar i "felaget" (jf. t.d. Jón Jóhannesson 1969: 272 m/tilvisingar). Merkinga av varene har truleg ikkje vore så aktuell etter at lasta var omsett på handelsstaden. Det er difor rimeleg at mange merkelappar har vorte kasta eller tapte i samband med at handelstransaksjonar vart avslutta hos ein kunde eller ein oppkjøpar.

Kor stor del av tilfanget med merkelappar som kan førast attende til denne forma for handelskompaniskap vestfrå, er uvisst. Prinsipielt sett er det ingenting til hinder for at storparten eller heile materialet frå Folkebibliotekstomta kan vera islandsk eller også grønlandsk i visse tilfelle, som vi har vore inne på i det føregåande. Namna i seg sjølv

kan i alle fall ikkje motseia ei slik oppfatning. Mannsnamn som *Árni*, *Gunnarr*, *Erlingr* og *Þórir* kan såleis like gjerne vera islandske som norske. Eit tilfelle som kan illustrera dette, har vi truleg i ein av dei to merkelappane i materialet frå Folkebibliotekstomta med namnet *Gunnarr* (N 28877). Denne er identifisert med eitt, kanskje to tilsvarande eigarmerke frå Bryggen i Bergen, ut frå forma både på gjenstanden og innskrifta (Sanness Johnsen 1981: 125). Slutninga verkar rimeleg (jf. fig. 12 og NIyR N698 og 699). Sanness Johnsen oppfattar då denne *Gunnarr* som ein storkjøpmann som har hatt "storage of goods in warehouses in Trondheim as well as in Bergen" (loc. cit.). Å utleia ei form for mellomaldersk "forretningskjede" på eit såpass tynt grunnlag verkar anakronistisk og usannsynleg.

Det må vera ei langt enklare og meir rimeleg forklaring å sjå dei tre merkelappane etter denne *Gunnarr* som endå eit døme på islandsk "felagshandel". Det synest ikkje å vera noko i vegen for at same person kan ha drive handel både i Nidaros og i Bjørgvin også på ei og same ferd til Noreg. Av og til var såleis islandske skip først i Noreg jamvel når dei hadde ærend lenger sør eller vest i Europa (jf. Jón Jóhannesson 1969: 275). Det synest heller ikkje å vera noko i vegen for å oppfatta dei tre merkelappane det her gjeld, som heilt samtidige. Den eine av dei to frå Bergen er funnen i fyllmasse under bolverk som er bygd opp etter ein brann i 1248. Den andre er funnen under brannlag frå 1198 (jf. NIyR N698 og 699). Merkelappen frå Folkebibliotekstomta er funnen i hovudfase 8. Det tilseier, som vi har sett, ei datering til tida frå om lag 1225 og framover mot slutten av hundreåret.

### 3.2 Jamføring med skrivne historiske kjelder.

Dette arkeologiske materialet gir altså på språkleg og runologisk grunnlag konkrete indisium på at det har gått føre seg importhandel frå Island til Nidaros. Den handelsaktiviteten som kjem fram i dagen på denne måten, synest å samla seg om ein periode som strekkjer seg frå andre halvdel av 1100-talet til slutten av 1200-talet, som vi har sett.

Andre kjelder gir inntrykk av at det har vore ein nokså jamn islandshandel på Nidaros gjennom heile 1100-talet. I 1153 fekk såleis erkebispesetet privilegium på handel med falkar, haukar og andre varer frå Island, som t. d. vadmål (Blom 1967: 85ff). Nye privilegieordningar med rett til toll av skip frå Island vart gjevne i 1194. Det har vore diskutert om dette galdt norske skip i retur frå Island, eller om det galdt islandske skip. Blom (1967: 101ff) gir gode argument for den siste oppfatninga. Det er rimeleg å gå ut frå at desse privilegieordningane er uttrykk for ein viss varetransport frå Island til Nidaros i perioden før og etter dei vart oppretta. Dei privilegium som erkebispesetet fekk i 1194, vart stadfesta i Sættargjerda frå 1277 (Blom 1967: 168). Det er liten grunn





Fig. 12

*Gunnarr á - "Gunnar eig" på tre likt forma merke, dei to øvste frå Bryggen i Bergen (N 698 og N 699), den nedste frå Folkebibliotekstomta, Trondheim (N 28877). Truleg same Gunnar i alle tre tilfella. Foto: Universitetets Oldsaksamling, fotoavdelingen.  
Copyright: Oldsaksamlingen*

til å tru at dette ville ha skjedd om det ikkje hadde vore nokon særleg handelsaktivitet i dei mellomliggjande åra. Tidfestinga av korpuset med merkelappar stadfester på ein grei måte at handelen har gått sin gang i perioden fram til Sættargjerda kom i stand, og også ei viss tid etter denne. Om det etter måten omfattande tilfanget med islandske evt. også grønlandske merkelappar som let seg datera til dei første tre fjerdedelane av 1200-talet, er eit argument for at den form for handel dei synest å ha vore ein del av, også har gått på islandske skip, synest likevel uvisst.

Mot slutten av 1200-talet ser det ut til å ha skjedd ei gradvis forskyving av islandshandelen frå Nidaros til Bjørgvin. Ut frå det kjeldene elles kan fortelja, synest denne prosessen å ha skote særleg fart i dei første tiåra av 1300-talet (jf. Søholt (upubl.) 1980: 37). Dette kan i sin tur vera ein grunn til at materialet frå Folkebibliotekstomta samlar seg i tid slik det tykkjest gjera.

Det tilsvarande merkelapptilfanget frå Bryggen i Bergen har også tydelege innslag av islandske (kanskje også grønlandske) særdrag. Ein del av dette materialet er tidfest til 1300-talet og er knytt til brannlag frå så seint som 1330-åra (jf. t. d. NIyR N748, 752). Ein av grunnane til at bergensmaterialet etter dei dateringsmåtar som er gjort der, påvisleg har merke frå godt ut på 1300-talet, kan liggja i den nemnde overføringa av islandshandelen frå Nidaros til Bjørgvin.

### 3.3 Innhaldet i innskriftene som "tekst".

Eigarinnskriftene har litt varierende språkleg utforming. Den enklaste forma har berre personnamn utan noko tillegg. Referansen i slike tilfelle er direkte og klar. Slik markering kjenner vi til også frå seinare tider. Det er ein, kanskje to slike innskrifter i materialet frå Folkebibliotekstomta. Det eine og sikre tilfellet gir to personnamn og viser truleg sameige av eitt eller anna slag: *Torfi ok Bqrkr* (N 29077). Merkelappen med (avstytinga?) *þ o* (N 25914) må truleg også reknast som ei slik innskrift.

Den mest vanlege formularen på ei eigarinnskrift er personnamn saman med presens av verbet *eiga*. I 3. person eintal har det forma *á*: *Ari á*, *Gunnarr á*, *Hallr á*, *Illugi á* osv. Språkleg sett er dette det vi kallar ein ellipse. Dette verbet tek objekt i ei "vanleg" setning. Her er objektet underforstått, men likevel heilt tydeleg ettersom det alltid vil vera identisk med den gjenstanden eller den vara merkelappen er festa til. Om vi reknar med merkelappen N464 i NIyR, er det 19 slike i trondheimsmaterialet. Ei av dei har rett nok eit interessant tillegg på latin og norrønt etter eigarformularen, som fortel at *þórir á*. Tillegget er forma som ei bøn, *miserere min*. Det latinske verbet, som tyder "å vera nådig, miskunnsam" e. l., tek objekt i genitiv. Objektet her er det

personlege pronomenet i 1. person eintal, *ek.* Jamvel om det har norrøn form, har det rett kasus - *mín* i genitiv og syner såleis ein viss kjennskap til latinsk syntaks. Innskrifta seier då noko slik som at "Tore eig, ver meg nådig!" eller "hjelpe meg!". Kva som ligg i dette, kan vi vel berre spekulera over i dag. Det kan kanskje vera styrimannen på eit handelsskip som såleis har uttrykt ein viss otte for kva som ville skje om varene ikkje gav det utbyttet som venta var, eller noko slik. Det kan vel og vera ei slags personifisering av sjølve v a r a og såleis vera eit fromt ønske om at godset skulle komma vel fram. Det er i alle fall interessant å registrera denne blandinga av norrønt og latin i ein så typisk handelskontekst som dette synest å vera. Innskrifta fortel sjølvsgatt ikkje mykje om kjennskap til framande mål i kjøpmannskrinsar, men understrekar likevel på ein forvitneleg måte det som *Kongsspegelen* frå midten av 1200-talet seier om dette i bolken om kjøpmannen: "om du vil bli fullkommen i lærdom, så lær alle tungemål, men aller helst latin og velsk (=fransk), for dei måla går vidast, men gløym likevel ikkje ditt eige tungemål" (Helleviks oms. 1965: 24). Merkelappskrivaren her oppfyller på denne knappe måten dei språklege ideal som er sette i dette læreverket.

Ein variant av eigarformularen på merkelappane har med eit grammatisk objekt, slik at formularen blir ei fullstendig setning, men likevel med eit innhaldstomt ord som objekt: *mik* ("meg"). Referansen til vareslaget er såleis like open som i dei tilfelle der objektet er heilt utelate i innskriftene. Og informasjonsverdien er nøyaktig den same. Det er éi slik innskrift i materialet frå Folkebibliotekstomta: *Andrés á mik* (N 23173).

Desse "opne" eigarformularane kunne tyda på at merkelappane har vore laga for å bli nytta fleire gonger. Slik dei er forma, ville dei i alle fall kunna brukast til merking av ulike slags varer. Dette kan likevel ikkje materialet gi bindande svar på slik det er bevart.

Heilt tilsvarende utforming er det på materialet med merkelappar frå Bryggen i Bergen. Av 95 med tekst som let seg lesa, har 31 berre personnamn, 49 har personnamn + verb av typen *Einarr á*, medan 10 har personnamn + verb + innhaldstomt objekt, altså typen *Einarr á mik*.

Det er såleis temmeleg lite informasjon å henta i desse innskriftene om kva vareslag merkelappane har vore feste til. I materialet frå Folkebibliotekstomta er det likvel to merkelappar som har innskrifter med eit anna objekt enn *mik* i eigarformularen. Den eine av desse fortel at *Ormr á sekk*, "Orm eig sekken" (N 77590), den andre seier at *Sigmundr á sekk þenna*, "Sigmund eig denne sekken" (N 91694). Heller ikkje desse innskriftene med ei språkleg meir eksplisitt form gir såleis sikre opplysningar om kva varer handelen her har dreia seg om. Det synest nemleg som om alle, eller dei fleste varer har vore transporterte i sekker. I lovboka (*Grágás* I, kap. 166) er det gjeve reglar

som skal gjelda til sjøs for dei som er med på handelsskip. Det er også teke med reglar om korleis varene skal vernast mot ver og vind ombord: *Huerr maðr skal húpir fa vm voro sina sva at iafn margir seckir se undir iafn mikilli húð* - "kvar mann skal (syta for å) få huder om varene sine slik at det er like mange sekker under like stor hud(flåte)". Det at Orm eig ein sekk, seier såleis ikkje stort meir om vara enn om det hadde stått at "Orm eig meg", men det kan vel vera rimeleg å tru at det har vore tale om vadmål eller ullvarer i ei eller anna form. Same forholdet blir understreka i ei rettarbot frå 1382, der det blir presisert at tollavgift på importvarer frå Island skal betalast i samsvar med ei eldre ordning frå Magnus Erikssons tid. Denne tolla blir kalla *seckia giald* og gjeld ei rad spesifiserte varer (Blom 1962: 483).

I det noko større bergensmaterialet er tilhøvet heilt det same. Av dei 95 nemnde innskriftene, har berre fem andre opplysningar enn at "Einar eig", evt. "Einar eig meg". To av desse fem seier på same måte som den eine frå Trondheim at ein person eig "denne sekken" (NIyR N678 og 687). Men i ei innskrift er objektet "dette treet" (NIyR N694), i ei er det "dette garnet" (NIyR N722) og i den siste er det tale om *præðr þessa* "desse trådane", med vekt eller verdi *hølf fimta mörk*, "halv femte mark"(NIyR N735).

Som vi har sett ovanfor, tyder dei arkeologiske funnomstenda på at merkelappane frå Folkebibliotekstomta stort sett dekkjer eit tidsrom på ca. 200 år. Det er likevel vanskeleg å sjå om dei varierende språklege utformingane av innskriftene representerer ei utvikling som skjer over tid. Ein av merkelappane, N 91694, skil seg ut som noko eldre enn resten av materialet. Denne har eigarformular av den språkleg sett mest fullstendige typen: *Sigmundur á sekk þenna*. Vi har likevel for lite materiale til å sjå om det er noko kronologisk mønster i utforminga av eigarformularen på desse gjenstandane.

Heller ikkje materialet frå Bryggen i Bergen synest å gi grunnlag for å sjå noko eintydig historisk utvikling i utforminga av eigarinnskriftene. Den mest fullstendige typen med konkret objekt (*sekk þenna*) er såleis å finna i dei same funnkontekstar som den mest vanlege typen med verb utan objekt (jf. t.d. NIyR N674 og 687).



#### 4. AVSLUTNING

Den største gruppa av gjenstandar med runeinnskrifter frå Folkebibliotekstomta er altså desse merkelappane med så mange tydeleg drag som til saman peikar mot Island, kanskje i einskildtilfelle også Grønland. Dette materialet kan utfylla og supplera då det vi veit frå andre kjelder om handelskontakt med Island i det mellomalderlege Nidaros. Slik sett må det seiast å vera eit verdfullt tilskott også til byens historie i vidare forstand. Denne delen av runematerialet er i så fall eit vesentleg tilskott til hittil kjent islandsk runemateriale, kanskje i ein viss monn også grønlandsk. Det gjeld utan tvil også ein del av det tilsvarande materialet frå Bryggen i Bergen. Den eldste daterte innskrifta som hittil er kjend frå Island, er tidfest til om lag 1200. Den har, som vi har sett, runologiske særdrag som samstemmer med materialet frå Trondheim og Bergen. Det er merkelappar med islandske særdrag som nokså sikkert er like gamle eller eldre i funna frå Folkebibliotekstomta. Dei funn som er gjorde i bygrunnen her vil i sin tur kunna yta eit vesentleg tilskott til kunnskapen om runetradisjonen vest for havet. Det er såleis mykje som tyder på at Ingimundr Þorgeirsson prest bygde på ein gammal særislandsk runetradisjon då han rissa ned rapporten om forliset sitt på voks i ein avsides bergheller på grønlandskysten i 1189, slik vi har sett i kap. 1. Det skal vi likevel ikkje gå nærare inn på i denne samanhengen.

## **APPENDIX**

**Liste over runeinnskriftene  
frå Folkebibliotekstomta**



## LISTE OVER RUNEINNSKRIFTENE FRÅ FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA.

- N-17930 Avbrote trestykke med ei flatspikka side og ei avrunda ryggside, tverrsnitt 15 x 7 mm og lengd 57 mm. Funne 1974. A-nr. 116. FA 224. Fase: 8/9. Innskrift på ei side:  
**--] h a**
- N-17931 Runekjevle med firkanta tverrsnitt, 24 x 18 mm - mot eine enden 18 x 14-15 mm. Lengd: 155 mm. Funne 1974. A-nr. 117. FA 170. Fase: 8/9. Innskrift på fire sider:  
a) **f u þ o r k h n i a s t b m l (y)**  
b) **g y : þ a**    c) **g u þ r u ?**  
d) **æ l t r i þ**
- N-20884 Avbroten ende av flatt runespjeld, tverrsnitt 21 x 4-5 mm, lengd 40 mm. Funne 1974. A-nr 124. FE 428. Fase: 7/8. Innskrift på to sider:  
a) **-- ] u :: f a o ::**  
b) **-- ] þ a r a i +**
- N-21142 Bit av utskoren kleberstein, 68 x 59 mm, 17 mm tjukk. Funnen 1974. A-nr. 125. FE 323. Fase: 7/8. Innskrift på ei side:  
**? ? k**
- N-21447 Runekjevle av tre, tverrsnitt 13 x 9-10 mm, lengd 107 mm. Funne 1974. A-nr. 126. FL 29. Fase: 10. Innskrift på ei side:  
**❖ a b c d e f g h i k l m n o p q r s t u**
- N-21492 Merkelapp av tre, tverrsnitt 25 x 7,5 mm, lengd 128 mm. Funnen 1974. A-nr. 127. FA 316. Fase: 8. Innskrift på ei side:  
**a r n i a**
- N-21493 Merkelapp av tre, tverrsnitt 13 x 5 mm, lengd 68 mm. Funnen 1974. A-nr 128. FA 316. Fase: 8. Innskrift på to sider:  
a) **k o l b i o r n a** (r. 2 og 6 = punktert u)  
b) **s u l r** (r. 1 "langkvist" s)
- N-21749 Merkelapp av tre, tverrsnitt 26 x 13 mm, lengd 75 mm. Funnen 1974. A-nr 129. FE 493. Fase: 7/8. Innskrift på ei side:  
**h o s k u l r a**
- N-22559 Trestykke i fire brot, tverrsnitt 25 x 4-5 mm, samla lengd 166 mm. Funne 1974. A-nr. 130. FL 65. Fase: 9. Innskrift på ei side:  
**r m n ð y n ð**

N-22564 Runekjevle av tre, tverrsnitt 10 x 6 mm, lengd 64 mm. Funne 1974. A-nr. 131. FL 65. Fase: 9. Innskrift på tre sider:

a) | þ o r a : a m i k : o k h ō n

b) k i r þ i m i k | ? 13(?) (kvistrune?)

c) m ? ?

N-22970 Merkelapp av tre, tverrsnitt 15 x 6 mm, lengd 74 mm. Funnen 1974. A-nr. 133. FA 316. Fase: 8. Innskrift på ei side:

i l u h i a

N-23177 Merkelapp av tre, tverrsnitt 22 x 8 mm, lengd 134 mm. Funnen 1974. A-nr. 135. FE 557. Fase: 7/8. Innskrift på ei side:

k u n a r : a

N-23173 Merkelapp av tre, største tverrsnitt 22-3-4 mm, lengd 93 mm. Funnen 1974. A-nr. 134. FE 616. Fase: 7/8. Innskrift på ei side:

a n t r e s a m i k

N-23247 Trepinne, tverrsnitt 19 x 5-12 mm, lengd 190 mm. Funnen 1974. A-nr. 136. FE 633. Fase: 7/8. Innskrift på ei side:

þ ō r þ

N-23249 Trebit, 17 x 11 mm i tverrsnitt, 54 mm lang. Funnen 1974. A-nr. 137. FE 616. Fase: 7/8. Innskrift på ei side:

k

N-23450 Merkelapp av tre, 18 x 9 mm i tverrsnitt, 89 mm lang. Funnen 1974. A-nr. 138. FA 345. Fase: 8. Innskrift på ei side:

h a l r a

N-22767b Trepinne (tilskoren), tverrsnitt 22 x 17 i breiaste enden, lengd 64 mm. Funnen 1974. A-nr. 132. FE 450. Fase: 7/8. Innskrift på ei side:

k

N-25335 Runekjevle, største tverrsnitt 20 x 17 mm, minste 15 x 10, lengd 337 mm. Funne 1975. A-nr. 139. FH 163. Fase: 8. Innskrift på to sider:

a) i o r n f u þ o r ... i a s t b l m e ø i h a n e

b) f u þ o r k h n i a s t b l m e ø

N-25366 Trestykke, 20 x 7 mm i tverrsnitt, 61 mm langt. Funne 1975. A-nr. 140. FA 369. Fase: 7/8. Innskrift på to sider:

a) k k þ þ þ þ a a a n̄ n̄ t̄ k̄

b) g r o a l ? ? þ ? ?

- N-25735 Flatskore, avbrote blad av treskaft e. l., 41 x 47 mm, 8 mm tjukt på det tjukkaste. Funne 1975. A-nr. 141. FE 659. Fase: 7/8. Innskrift på ei side:  
**m o [ --**
- N-25803 Runekjevle av tre, tverrsnitt 12 x 10 mm, lengd 89 mm. Funne 1975. A-nr. 142. FE 659. Fase: 7/8. Innskrift på tre sider:  
 a) **ṣ : u n n i : þ a t u i r r : m ô r k u m : m â n n i : a t**  
 b) **s a s k y l l i : r u n a r : r i s t a : i r l ! ? ? ? ! i l !**  
 c) **ṣ o**
- N-25804 Klovna islegg av bein, tverrsnitt 21 x 28 mm, 279 mm lang. Funnen 1975. A-nr. 143. FE 616. Fase: 7/8. Innskrift (?) på ei side:  
**þ**
- N-25914 Merkelapp av tre, tverrsnitt 15 x 8 mm, lengd 105 mm. Ei lang flis er sprekt av på langs av gjenstanden. Funnen 1975. A-nr. 144. FA 373. Fase: 8. Innskrift på ei side (og eit kryss på hi):  
**þ o**
- N-25959 Avbrote runekjevle av tre, 21-23 x 4,5 mm i tverrsnitt, 68 langt. Funne 1975. A-nr. 145. FE 616. Fase: 7/8. Innskrift på to sider:  
 a) **s p y r a s t r i þ i h [--**  
 b) **i i n a s t : [--**
- N-26118 Trestykke forma som pilodd. Største tverrsnitt 13 x 5 mm, lengd 77 mm. Funne 1975. A-nr. 146. FE 616. Fase: 7/8. Innskrift på ei side:  
**k r e k o r e s**
- N-26151 Merkelapp av tre, tverrsnitt 16 x 7 mm, lengd 94 mm. Funnen 1975. A-nr. 147. FE 707. Fase: 7/8. Innskrift på ei side:  
**a r i a**
- N-26167 Merkelapp av tre, tverrsnitt 15 x 9-10 mm, lengd 73 mm. Funnen 1975. A-nr. 148 FA 377. Fase: 8. Innskrift på ei side (bumerke på ei):  
**æ r l i g r a**
- N-26357 Avbrote trestykke, elliptisk med tverrsnitt 25 x 4-5 mm, lengd 92 mm. Funne 1975. A-nr. 149. FA 377. Fase: 8. Innskrift på ei side:  
**k l a s o [--**
- N-26365 Runekjevle av tre (avbrote), tverrsnitt 14 x 6 mm, lengd 105 mm. Funne 1975. A-nr. 150. FF 604. Fase: 9. Innskrift på to sider:  
 a) **e k . h u g i : a t : f i r i r . s e k o m e t . ô p t . r o ? ? t l a s d**  
 b) **i l l t e r m e r n u . i v a r . g o þ a . k u [ < þ ] þ : b ø ? ? : ? ? r . ?**  
 (r. 13 = punktert u)

N-26379 Avbrote handtak av tresverd, 120 mm langt, 14-43 mm breitt og 11 mm tjukt. Funne 1975. A-nr. 151. FA 399. Fase: 8. Teikn på ei side.  
*Runeliknande teikn.*

N-26714 Merkelapp av tre, tverrsnitt 19 x 7 mm, lengd 103 mm. Funnen 1975. A-nr. 152. FH 274. Fase: 6/7. Innskrift på to sider:

a) **b a r þ r a**

b) **h â l l[<r] k r i m s ô n r**

N-26747 Avbrote runekjevle av tre, tverrsnitt 15-16 x 5 mm, lengd 119 mm. Funne 1975. A-nr. 153. FE 715. Fase: 7/8. Innskrift på ei side:

--] **p o t n þ t o p e r a r o t a s**

N-27122 Liten trekross, 50 mm lang, 23 mm brei over tverrtreet. Funnen 1975. A-nr. 154. FK 275. Fase: 8. Innskrift på to sider:

a) **+ a +  $\begin{matrix} \dagger \\ g \\ \dagger \end{matrix} + \hat{a} l + a \begin{matrix} s \\ \dagger \end{matrix}$**

b) **a + g l a l â g l a +**

N-27544 Svinghjul av tre (til handtein), ytre diameter 48 mm, 12,5 mm tjukt. Funne 1975. A-nr. 155. FH 337. Fase: 8. Innskrift på ei side:

**f i f a f u f o f y f i**

N-27723 Runekjevle av tre, trekanta tverrsnitt 33 x 10 mm, lengd 136 mm. Funne 1975. A-nr. 156. FA 423. Fase: 6. Innskrift på alle tre sider:

a) **x f þ u o r k h n i a s t b m l y x l i o[<o] l a**

b) **þ a t e r m ø n ø þ r u ô r m ø n ø þ t i** (r. 7, 9, 15, 17 = |)

c) **k i n a : r æ i s t r u n a r þ e s â r : â f r i a k o æ l t**

N-28109 Blykross, 58 mm lang stomm og samla armlengd 26 mm, 1-2 mm tjukk. Funnen 1975. A-nr. 157. FF 672. Fase: 8. Innskrift på baa sider:

a) **+ a g l a + a g l a a k ? ? +**  
**+ â g l a + â g l a +**

b) **+ ? ?  $\widehat{m a r i a}$  i u ? u o l ? i l +**  
**+ â g l a + â g l a +**

N-28957 Beinnål, 118 mm lang, diameter 7 og 16 mm breitt blad. Funnen 1975. A-nr. 239. FF 839. Fase: 6. Innskrift på ei side:

**i k s**

N-26379 Avbrote handtak av tresverd, 120 mm langt, 14-43 mm breitt og 11 mm tjukt. Funne 1975. A-nr. 151. FA 399. Fase: 8. Teikn på ei side.  
*Runeliknande teikn.*

N-26714 Merkelapp av tre, tverrsnitt 19 x 7 mm, lengd 103 mm. Funnen 1975. A-nr. 152. FH 274. Fase: 6/7. Innskrift på to sider:

a) **b a r þ r a**

b) **h â l l[<r] k r i m s ô n r**

N-26747 Avbrote runekjevle av tre, tverrsnitt 15-16 x 5 mm, lengd 119 mm. Funne 1975. A-nr. 153. FE 715. Fase: 7/8. Innskrift på ei side:

--] **p o t n þ t o p e r a r o t a s**

N-27122 Liten trekross, 50 mm lang, 23 mm brei over tverrtreet. Funnen 1975. A-nr. 154. FK 275. Fase: 8. Innskrift på to sider:

a) **+ a + <sup>+</sup>g + â l + a s**  
+ +

b) **a + g l a l â g l a +**

N-27544 Svinghjul av tre (til handtein), ytre diameter 48 mm, 12,5 mm tjukt. Funne 1975. A-nr. 155. FH 337. Fase: 8. Innskrift på ei side:

**f i f a f u f o f y f i**

N-27723 Runekjevle av tre, trekanta tverrsnitt 33 x 10 mm, lengd 136 mm. Funne 1975. A-nr. 156. FA 423. Fase: 6. Innskrift på alle tre sider:

a) **x f þ u o r k h n i a s t b m l y x l i o[<o]l a**

b) **þ a t e r m ø n ø þ r u ô r m ø n ø þ t i** (r. 7, 9, 15, 17 = |)

c) **k i n a : r æ i s t r u n a r þ e s â r : â f r i a k o æ l t**

N-28109 Blykross, 58 mm lang stomm og samla armlengd 26 mm, 1-2 mm tjukk. Funnen 1975. A-nr. 157. FF 672. Fase: 8. Innskrift på baa sider:

a) **+ a g l a + a g l a a k ? ? +**  
+ **â g l a + â g l a +**

b) **+ ? ? <sup>â</sup>m a r i a i u ? u o l ? i l +**  
+ **â g l a + â g l a +**

N-28957 Beinnål, 118 mm lang, diameter 7 og 16 mm breitt blad. Funnen 1975. A-nr. 239. FF 839. Fase: 6. Innskrift på ei side:

**i k s**



- N-29076 Merkelapp av tre, tverrsnitt 17 x 7 mm på det breiaste, lengd 43 mm. Funnen 1975. A-nr. 159. FF 798. Fase: 8. Innskrift på ei side:  
**â r n i a**
- N-28877 Merkelapp av tre, 100 mm lang, 19 mm brei på det breiaste, 7 mm tjukk. Funnen 1975. A-nr. 158. FL 179. Fase: 8. Innskrift på to sider:  
a) **k u n â r a**  
b) **a**
- N-29077 Merkelapp av tre, skadd og bevart i to brot, 132 mm lang, 31 mm brei og 6 mm tjukk. Funnen 1975. A-nr. 160. FF 810. Fase: 7. Innskrift på ei side, riss på ei:  
**[t]u r f i a u k b u r k r**
- N-29151 Pilodd av tre, 125 mm lang, største breidd 19 mm, 6 mm tjukk. Funnen 1975. A-nr. 161. FA 468. Fase: 6. Innskrift på ei side:  
**s i k r m i n**
- N-29251 Runekjevle av tre, tverrsnitt 15 x 5-6 mm, lengd 139 mm. Funne 1975. A-nr. 162. FF 799. Fase: 8. Innskrift på to sider:  
a) **æ r i s a i a i r i s a s a s i k s a s a i r i s a s a**  
b) **æ l æ t r r æ i t r u n â r p i s a r : m a h n i t r**
- N-29324 Merkelapp av tre, tverrsnitt 15 x 6-10 mm, lengd 75 mm. Funnen 1975. A-nr. 163. FF 824. Fase: 8. Innskrift på ei side:  
**h r i f l a a**
- N-29918 Merkelapp av tre, 20-40 mm brei, 5 mm tjukk og 98 mm lang. Funnen 1975. A-nr. 164. FF 810b. Fase: 7. Innskrift på ei side (bumerke på ei):  
**p i u p a r : a**
- N-30468 Sakseskrin av tre, 31-35 mm breitt, 11 mm høgt og 225 mm langt. Funne 1975. A-nr. 165. FF 842. Fase: 7. Innskrift på ei side:  
**f u p o r k h n i a s t b m l y**
- N-30690 Trenøkkel(?), ovalt forma tverrsnitt 11 x 15 mm, 205 mm lang. Funnen 1975. A-nr. 166. FL 295. Fase: 5. Innskrift på to sider:  
a) **l y k i l s k [r. 2 = punktert u]**  
b) **s k**
- N-30844 Firkanta stykke av kvalbein, tverrsnitt 13 x 32 mm, lengd 68 mm. Funne 1975. A-nr. 167. FL 296. Fase: 5. Innskrift på ei side:  
**p o**

- N-31162 Flat trepinne (merkelapp?), tverrsnitt 15 x 4-5 mm, lengd 133 mm. Funnen 1975. A-nr. 168. FF - lausfunn. Innskrift på ei side:  
**a b a r þ r s i h u r þ a r s o n r**
- N-31495 Treflis (truleg del av større kjevle), tverrsnitt 6-13 x 6 mm, lengd 192 mm. Funnen 1975. A-nr. 169. FK 596. Fase: 5. Innskrift på ei side:  
**i u a r : r æ i s t : r u n a r : þ æ s a r : h e r : e r o : þ a e r : u e r  
: u a r o m n þ o r s t æ i n**
- N-31496 Sylindrisk tretapp, 15-16 mm i diameter, 17 mm lang. Funnen 1975. A-nr. 170. FA 510. Fase: 6. Innskrift langs omkrinsen av sylindere:  
**l u t r**
- N-32000 Beinbeslag av lok til skrin, 75 mm langt, tverrsnitt 22 x 1 mm. Funne 1975. A-nr. 171. FL 451. Fase: 4. Innskrift på ei side:  
**--]æ z u r (r. 2 = 'langkvist' s)**
- N-32395 Beslag av tre, 35 mm breitt, 7 mm tjukt og 252 mm langt. Funne 1975. A-nr. 172. FL 464. Fase: 4. Innskrift på ei side:  
**i u r l u r u k i a i k u a i t u**
- N-32836 Runekjevle av tre, tverrsnitt 22 x 9-15 mm, lengd 275 mm. Funne 1975. A-nr. 173. FL 401. Fase: 4. Innskrift på tre sider:  
a) **b a t e r . n u s t e r . k u i e s i n s e l i : s a n t i b i s e t u r**  
b) **s u æ e n : o u þ u n a r : s u n r : r æ i s t : r u n a r : þ e s a r**  
c) **f u þ o r k h**
- N-32965 Knivbladliknande trestykke, 24 mm breitt, 5 mm tjukt og 159 mm langt. Funne 1975. A-nr. 174. FK 819. Fase: 3/4. Innskrift på ei side:  
**þ**
- N-33456 Avbrote trespjeld, 61 mm langt, 35 mm breitt og 4 mm tjukt. Funne 1975. A-nr. 175. FH 613. Fase: 4. Innskrift på ei side:  
**--] l t . e s . u e r [--**
- N-33434 Treslå, ovalt tverrsnitt 49 x 21 på det tjukkaste, 385 mm lang. Funnen 1975. A-nr. 240. FL 542. Fase: 4. Innskrift på to sider:  
a) **x u i n t a u g a : a l o k a þ s þ i t a x**  
b) **u i t a u k i . l o k a ?**
- N-34071 Kjepp av tre, bevart i tre bitar, til saman 228 mm lang og 17-18 mm i diameter på det tjukkaste. Funnen 1975. A-nr. 176. FA 530. Fase: 4/6.  
**k u i : n ? ? i i : i**

- N-37065 Runekjevle av tre, med hol. Tverrsnitt 17 x 4-5 mm, lengd 97 mm. Funne 1976. A-nr. 177. FE 1089. Fase: 12. Innskrift på ei side:  
 --] **i a s t b m l y**
- N-37328 Runekjevle av tre i tre brot, til saman 87 mm langt, tverrsnitt 9 x 7 mm. Funne 1976. A-nr. 178. FF 2019. Fase: 3. Innskrift på tre sider:  
 a) -] **n . þ u r k r i m r : k u þ m u t r : s u i n :**  
 b) -] **h a l k i a ? ŋ ?**  
 c) **? ? ? ? x k r i m r**
- N-37425 Beinkam, 174 mm lang, 38-43 mm brei, 13 mm tjukk. Funnen 1976. A-nr.179. FE 1043. Fase: 4. Innskrift på enden av tinderekkja:  
**k i r i r a**
- N-37974 Runekjevle av tre i to brot, til saman 206 mm langt, tverrsnitt 26 x 5 mm. Funne 1976. A-nr. 180. FF 2025. Fase: 4. Innskrift på to sider:  
 a) **? ? u ? u h i ? ? ? ? ? r u : a r ŋ i s r**  
 b) **x i r i k a k : i u i : k u m u k i s ? ? r l ũ i l x**
- N-37975 Del av sponskaft, 60 mm langt, 19 mm breitt, 7 mm tjukt. Funnen 1976. A-nr. 181. FL 710. Fase: 4. Innskrift på ei side:  
 --] **i r þ e u n a n a**
- N-38150 Runekjevle, brote i baa endar, 145 mm langt, 14-16 mm breitt, 9 mm tjukt. Funne 1976. A-nr. 182. FL 710. Felt 4. Innskrift på to sider:  
 a) --] **i f r : l o t a : a h t u a þ r : r r y þ n**  
 b) --] **i : f i o r t i f : i o h a n k o ? [ -- [ o = þ ]**
- N-38298 Sverdslire av lær, 373 mm lang, 53 mm brei på det breiaste. Funnen 1976. A-nr. 183. FH 730. Felt 2. Innskrift på ei side:  
**s k r a þ i**
- N-38509 Runekjevle av tre, tverrsnitt 22 x 6,5 mm, lengd 159 mm. Funne 1976. A-nr. 184. FE 1163. Fase: 4. Innskrift på to sider:  
 a) **x u r a s t : a n r þ a a ŋ i k**  
 b) **x k a r i . k r a l : s r f u y u x**
- N-39374 Høvl, avbroten, 187 mm lang, 35 mm brei og 34 mm høg. Funnen 1976. A-nr. 185. FF 2079. Fase: 3. Teikn på ei side:  
*Runeliknande teikn.*

- N-39592 Runekjevle av tre, tverrsnitt 13 x 10 mm, lengd 106 mm. Funne 1976. A-nr. 186. FA 685. Fase: 3. Innskrift på ei side:  
**ē n ā r ? ? ? r s . ? ? n ? ? ! t [-**
- N-40930 Dyrehovud utskore i tre, 98 x 53 mm (breiaste mål). Funne 1976. A-nr. 187. FA 737. Fase: 3. Innskrift på ei side:  
**þ u r k a i r r a i s ?**
- N-52709 Runekjevle av tre, største tverrsnitt 24 x 10 mm, lengd 125 mm. Funne 1978. A-nr. 188. FT 74. Fase: 8. Innskrift på ei side:  
**i ā u r u s a l e m n e k o e k o n k r i d i t u r i n ō r i ū m ā m e n**
- N-56920 Tresverd, avbrote, 172 mm langt, 25-31 mm breitt blad, 8-5 mm tjukt. Funne 1978. A-nr. 189. FP 139. Fase: 6. Innskrift på to sider:  
 a) **f u þ o r**  
 b) **i v a r a s [ < i ] u i r þ** (r. 2 = punktert u)
- N-57185 Tilspissa, flat trepinne, 21-41 mm brei, 8 mm tjukk og 155 mm lang. Funnen 1978. A-nr. 190. FP 322. Fase: 3. Innskrift på to sider:  
 a) **i l e r : m e n : æ r o : þ e i r : i r a : m e l a**  
 b) **o s**
- N-58119 Tilspissa treflis, 89 mm lang med tverrsnitt 15 x 6 mm på det breiaste. Funnen 1978. A-nr. 191. FT 181. Fase: 8. Innskrift på ei side:  
**k k k . k k . k k k k . k**
- N-58120 Diptykon (halvdel) av tre, 298 x 115 mm. Funnen 1978. A-nr. 253. FM 230. Fase: 7. Runer på baksida:  
**u i s a k ū r i**  
 Elles *spor av runer under restane av vokslaget*. Ved konservering også funne ein stylus i voksen (=N-62831 FM 230).
- N-59338 Diptykon (halvdel) av tre, 299 x 115 mm. Funnen 1978. A-nr. 254. FM 230. Fase: 7.  
*Spor av runer under restane av vokslaget.*
- N-58743 Skeiforma trestykke, 62 mm langt, 6-17 mm breitt og 4-6 mm tjukt. Funne 1978. A-nr. 241. FT 180. Fase: 8. Innskrift på ei side:  
**s n**
- N-58258 Vevskei av kvalbein i tre brotstykke. Samla lengd 394 mm, største tverrsnitt 34 x 7 mm. Funnen 1978. A-nr. 192. FU 264. Fase: 8. Innskrift(?) på ei side:  
**þ i þ**

- N-59083 Tilspissa trekile, 88 mm lang, 29 mm brei og 9 mm tjukk. Funnen 1978. A-nr. 242. FM 289. Fase: 7. Innskrift på to sider:  
a) **i p c** (r. 3 = latinsk bokstav) b) **x p c** (=latinske bokstavar)
- N-76075 Runekjevle av tre, 109 mm langt, 9-14 mm breitt og 6-9 mm tjukt. Funne 1981. A-nr. 243. FG 345. Fase: 8. Innskrift på ei side:  
**l a t m i k s o f a i n a d a t [--**
- N-76464 Runekjevle av tre i tre samanhengande brotstykke. Samla lengd 174 mm, breidd 22-33 mm. Funne 1981. A-nr. 244. FG 390. Fase: 8. Innskrift på ei side:  
**f u p o r k h n i a s t m l y**
- N-77113 Treflis, 120 mm lang og 19 mm brei på det breiaste. Funnen 1981. A-nr. 245. FG 480. Fase: 7. Teikn på ei side:  
*Runeliknande teikn.*
- N-77135 Merkelapp av tre, ovalt forma, 74 mm lang, 8-15 mm brei og 5-6 mm tjukk. Funnen 1981. A-nr. 246. FG 490. Fase: 7. Innskrift på ei side:  
**p o r k i s l a**
- N-77338 Pinne, tverrsnitt 14 x 6-8 mm, lengd 187 mm. Funnen 1981. A-nr. 247. FG 536. Fase: 7. Teikn på ei side:  
*Runeliknande teikn.*
- N-77589 Merkelapp (?) av tre, tverrsnitt 22 x 4-6 mm, lengd 191 mm. Funnen 1981. A-nr. 248. FG 563. Fase: 7. Innskrift på ei side:  
**p o r e r a : m i s e r e r e m i n**
- N-77590 Merkelapp av tre, tverrsnitt 15 x 5 mm, lengd 76 mm. Funnen 1981. A-nr. 249. FG 563. Fase: 7. Innskrift på ei side:  
**u r m r a s e k**
- N-77605 Merkelapp av tre, største tverrsnitt 17 x 3-5 mm, lengd 158 mm. Funnen 1981. A-nr. 250. FG 582. Fase: 7. Innskrift på ei side:  
**b r a n t r a**
- N-77606 Merkelapp av tre, tverrsnitt 29 x 4-5 mm, lengd 140 mm. Funnen 1981. A-nr. 251. FG 590. Fase: 7. Innskrift på ei side:  
**u f æ i k r a**
- N-77614 Pinne, tverrsnitt 13 x 15 mm, lengd 112 mm. Funnen 1981. A-nr. 255. FG 577. Fase: 6. Teikn på ei side.  
*Runeliknande teikn.*
- N-78383 Skeiskaft av tre (avbrote), 99 mm langt, 18 mm breitt på det breiaste. Funne 1981. A-nr. 252. FG 655. Fase: 6. Innskrift på ei side:  
**l i p**

- N-78941 Nål av tre, 164 mm lang, diameter 6 mm og blad 17 mm på det breiaste. Funnen 1982. A-nr. 256. FG 794. Fase: 4?. Innskrift på to sider av bladet:  
a) **u r n a : þ o i s a r**  
b) **u n t : r i s t**
- N-78942 Nål av tre, 194 mm lang, diameter 6 mm og blad med breiaste mål 15 mm. Funnen 1982. A-nr. 257. FG 794. Fase: 4?. Innskrift på ei side av bladet:  
**t i u a . â u a f t**
- N-78943 Nål av tre, 179 mm lang, diameter 6 mm og blad med breiaste mål 14 mm. Funnen 1982. A-nr. 258. FG 794. Fase: 4?. Innskrift på to sider av bladet:  
a) **. u n a e k . m h i u . e n b e þ r .**  
b) **. e n b[<m] e þ[<r] r**
- N-87523 Stol av tre til strengeinstrument, 53 mm høg, 27-38 mm brei og 6-10 mm tjukk. Funnen 1985. A-nr. 270. FU 311. Fase: 7. Innskrift på ei side:  
**r u h t a**
- N-91694 Talkjevle av tre (tidlegare merkelapp?), tverrsnitt 18 x 10 mm, lengd 71 mm. Funnen 1985. A-nr. 271. FU 408. Fase: 4/5. Innskrift på to sider:  
a) **s i k m u n t r a s æ k**  
b) **þ e n a**
- N-92238 Trestokk, 1000 mm lang, 225 mm brei og 105 mm tjukk. Funnen 1985. A-nr. 273. FW 706. Fase: 6. Innskrift på ei side:  
**æ u k i l r i s t i r u n a r þ i s s a r**
- N-93231 Kjevle av tre, 183 mm langt, tverrsnitt 17-35 x 17 mm. Funne 1985. A-nr. 274. FU 428. Fase: 3. Innskrift:  
*Runeliknande teikn.*
- N-93494 Glimmersteinsskive, 45 x 33 mm, 2-3 mm tjukk. Funnen 1985. A-nr. 275. FW 692. Fase: 6. Innskrift på ei side:  
**f þ r**
- N-93495 Beinstykke, tverrsnitt 25-28 x 8 mm, lengd 90 mm. Funne 1985. A-nr. 272. FW 695. Fase: 4/5. Innskrift på ei side:  
**i s i s a : i s i s a    ? ?**
- N-93649 Treflis, 109 x 31 x 7 mm. Funnen 1985. A-nr. 276. FU 431. Fase: 3. Innskrift:  
*Runeliknande teikn.*

- N-93773 Trestykke, tverrsnitt 43 x 12 mm, lengd 401 mm. Funne 1985. A-nr. 277. FU 431. Fase: 3. Innskrift:  
*Runeliknande teikn.*
- N-93775 Del av uthola gjenstand med ornament, 120 mm lang, 10-33 mm brei og 8 mm tjukk. Funnen 1985. A-nr. 278. FU 428. Fase: 3. Innskrift:  
**þ**
- N-93816 Bygningsstokk. *Innskrifta* er 260 mm lang og runene ca. 60 mm høge. Funnen 1985. A-nr. 279. FW 704. Fase: 6. Innskrift:  
**???.kus:mikmerir**
- N-94415 Beinnål, 17 mm i breiaste enden, 5-6 mm tjukk og 76 mm lang. Funnen 1985. A-nr. 280. FU 444. Fase: 3. Innskrift på ei side:  
**a i r i k r . k e r þ i s b i t u : o : h a f i**
- N-94416 Sidebein av ku, tverrsnitt 23-27 x 8 mm, lengd 156 mm. Funne 1985. A-nr. 281. FU 444. Fase: 3. Innskrift på ei side:  
**r i f r a ' þ i l f a r a u k r i s t n o k h u a s t**
- N-94621 Trestykke, tverrsnitt 38 x 12 mm, lengd 316 mm. Funne 1985. A-nr. 282. FU 471. Fase: 3. Innskrift på ei side (kvistruner, defekte i det kvistene til venstre delvis er borte):  
**(3)2 14 (3)1 (3)5 (3)5 (2)3 (2)5 (1)1 (2)3 ??**  
**u l f r r i s t i ??**
- N-95829 Beinstykke, 106 mm langt, 11-19 mm breitt, 6 mm tjukt. Funne 1985. A-nr. 283. FW 796. Fase: 3. Innskrift på ei side:  
**e k . a n . i k e u . u i !**
- N-96784 Bein i to brotstykke, samla lengd 174 mm, tverrsnitt 30 x 7 mm. Funne 1985. A-nr. 284. FW 813. Fase: 2. Innskrift på to sider:  
a) **s a : r i s t i s a a t s u m a r l a k a n t a k h r u [ - -**  
b) **u k s i a u i t a m e**

**TILLEGG: Nyfunn i magasin etter 1986.**

N-23252 Teljepinne av tre, 170 mm lang, 15-18 mm brei, 2 mm tjukk. Funnen 1974. A-nr. 301. FE 616. Fase: 7/8. Innskrift(?) på ei smalside:  
**i i i i i i i i i i k k k k k k k k k k k k k k**

N-29570 Trestykke, tilspissa i eine enden. Tverrsnitt 9 x 7 mm, lengd 110 mm. Funne 1975. A-nr. 302. FF 799. Fase: 8. Innskrift på ei side:  
**âg æ t i r**

N-52445 (Kniv)skaft av tre, 137 mm langt, ovalt tverrsnitt med største mål 23 x 33 mm. Funne 1978. A-nr. 303. FP 103. Fase: 6. Innskrift på ei side:  
**r i k ? ? ?**

N-79145 Fragment av tilverka beingjenstand, 30 x 23 x 3,5 mm. Funne 1984. A-nr. 298. FN 1. Fase: 12. Innskrift på ei side:  
**? ? i e p i n k [r. 2 = φ]**





## LITTERATUR

- Blom, Grethe Authen 1962: *Islandshandel. I: Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* 7, sp. 481-85.
- Blom, Grethe Authén 1967: *Kongemakt og privilegier i Norge inntil 1387*. Oslo-Bergen-Tromsø.
- Bæksted, Anders 1942: *Islands runeindskrifter* = Bibliotheca Arnamagnæana Vol. II. Hafniæ.
- Christophersen, A; E. Jondell; O. Marstein; S. W. Nordeide og I. Reed 1988: *Utgravning, kronologi og bebyggelsesutvikling*. Fortiden i Trondheim bygrunn: Folkebibliotekstomten. Meddelelser nr. 13, del. 1. Riksantikvarens utgravingskontor for Trondheim. Trondheim.
- Fuglesang, Signe Horn 1981: Woodcarvers - Professional and Amateurs in Eleventh Century Trondheim. In: Wilson, David M. and Marjorie L. Caygill (eds.) *Occasional Papers No 30*. British Museum, London.
- Jón Jóhannesson 1969: *Islands historie i mellomalderen. Fristatstida*. (Overs. av Hallvard Magerøy). Oslo-Bergen Tromsø.
- Kongsspegelen*, omsett av Alf Hellevik, Oslo 1965.
- Liestøl, Aslak 1964: Runer frå Bryggen. *Viking 1963*. Særtrykk: Bergen 1964.
- Lind, E. H. 1905-15: *Norsk-isländska dopnamn ock fingerade namn från medeltiden*. Uppsala-Leipzig.
- Lind, E. H. 1931: *Norsk-isländska dopnamn ock fingerade namn från medeltiden*. Supplementsband. Oslo.
- McLees, Christopher 1990: *Games people played. Gaming-pieces, boards and dice from excavations in the medieval town of Trondheim, Norway*. Fortiden i Trondheim bygrunn: Folkebibliotekstomten. Meddelelser nr. 24. Riksantikvarens utgravingskontor for Trondheim, Trondheim.
- NlyR= *Norges Innskrifter med de yngre Runer*, I-VI. Oslo 1941-80, (hefte VI: 2 under trykking).
- Nordeide, Sæbjørg Walaker 1989: "... De beste Bønder i Kiøbstæden...". *En funksjons- og aktivitetsanalyse basert på gjenstandsmaterialet*. Fortiden i Trondheim bygrunn: Folkebibliotekstomten. Meddelelser nr. 20. Riksantikvarens utgravingskontor for Trondheim. Trondheim.
- Sanness Johnsen, Ingrid 1981: Personal names in Inscriptions from Towns of Medieval Norway. *Michigan Germanic Studies*, Vol. VII, pp. 119-129.
- Seim, Karin Fjellhammer (upubl.) 1982: *Grafematisk analyse av en del runeinnskrifter fra Bryggen i Bergen*. Hovedoppg. i nordisk. Univ. i Bergen h. 1982
- SR = *Sveriges runinskrifter*. Femte bandet. *Västergötlands runinskrifter* granskade och tolkade av Hugo Jungner och Elisabeth Svärdström. Stockholm 1958-70.
- Stoklund, Marie 1981: Greenland Runic Inscriptions. *Michigan Germanic Studies*, Vol. VII, pp. 138-148.

Stoklund, Marie 1982: Nordboruner. *Tidsskriftet Grønland* 1982, pp. 197-206.

Sturl. I.= *Sturlungasaga*. Fyrra bindi. Jón Jóhannesson, Magnús Finnbogason og Kristján Eldjárn (ed.). Reykjavík 1946.

Svärdström, Elisabeth 1982: *Runfynden från gamla Lödöse*. Stockholm. (Lödöse - Västsvensk medeltidsstad IV. 5).

Søholt, Peter (upubl.) 1980: *Handel og handelskontakter i Trondheim i tidleg- og høgmellomalderen*. Hovudoppgåve i historie. Univ. i Trondheim, NLHT, v. 1980.

HITTIL UTKOMMET:

- |                    |      |                                                                                                                             |
|--------------------|------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Meddelelser nr. 1  | 1985 | Prosjektprogram (Utsolgt).                                                                                                  |
| Meddelelser nr. 2  | 1986 | Olavskirkens kirkegård. Humanosteologisk analyse og fase-inndeling, n.kr. 40,-.                                             |
| Meddelelser nr. 3  | 1986 | Stratigrafisk analyse. Delfelt FE og FF, n.kr. 50,-.                                                                        |
| Meddelelser nr. 4  | 1986 | Stratigrafisk analyse. Delfelt FA, FT og FU, n.kr. 70,-.                                                                    |
| Meddelelser nr. 5  | 1986 | Stratigrafisk analyse. Delfelt FG-v, FM og FK, n.kr. 50,-.                                                                  |
| Meddelelser nr. 6  | 1986 | Naturforhold på Nidarneset. En vegetasjonshistorisk rekonstruksjon, n.kr. 35,-. (Utsolgt).                                  |
| Meddelelser nr. 7  | 1986 | Stratigrafisk analyse. Delfelt FJ, FN og FW, n.kr. 50,-.                                                                    |
| Meddelelser nr. 8  | 1986 | Runefunna: Ei kjelde til handelen si historie, n.kr. 40,-. (Utsolgt).                                                       |
| Meddelelser nr. 9  | 1986 | Stratigrafisk analyse. Delfelt FH og FL, n.kr. 50,-.                                                                        |
| Meddelelser nr. 10 | 1987 | Stratigrafisk analyse. Delfelt FO, FY-v, FY-ø og FZ, n.kr. 50,-. (Utsolgt).                                                 |
| Meddelelser nr. 11 | 1987 | Stratigrafisk analyse. Delfelt FG-ø, FP, FS og FX, n.kr. 50,-.                                                              |
| Meddelelser nr. 12 | 1988 | Sentrumsdannelser i Trøndelag. En kvantitativ analyse av gravmaterialet fra yngre jernalder, n.kr. 40,-.                    |
| Meddelelser nr. 13 | 1988 | Utgravning, kronologi og bebyggelsesutvikling, n.kr. 80,-.                                                                  |
| Meddelelser nr. 14 | 1989 | Kammakeriet i Trondheim. En kvantitativ analys av horn- og benmaterialet frå Folkebibliotekstomten, n.kr. 100,-.            |
| Meddelelser nr. 15 | 1989 | Baksteheller - en handelsvare, n.kr. 30,-.                                                                                  |
| Meddelelser nr. 16 | 1989 | Gjutning och smide. Metallhantverkets utveckling i Trondheim ca 1000-ca 1350, n.kr. 100,-.                                  |
| Meddelelser nr. 17 | 1989 | Excavation, chronology and settlement development, n.kr. 50,-. (Utsolgt).                                                   |
| Meddelelser nr. 18 | 1989 | Dyr i byen - en osteologisk analyse. n.kr. 50,-.                                                                            |
| Meddelelser nr. 19 | 1989 | Frukt, frø og makrofossiler. Funksjoner og aktiviteter belyst gjennom analyser av jordprøver, n.kr. 50,-.                   |
| Meddelelser nr. 20 | 1989 | "...De beste bønder i kjøbstæden...". En funksjons- og aktivitetsanalyse basert på gjenstandsmaterialet, n.kr. 100,-.       |
| Meddelelser nr. 21 | 1989 | Naturlandskapet på Nidarnes i yngre jernalder - en terrengmodell, n.kr. 50.                                                 |
| Meddelelser nr. 22 | 1989 | Mynt, n.kr. 50,-.                                                                                                           |
| Meddelelser nr. 23 | 1990 | Sko og andre gjenstander i lær - en typologisk analyse, n.kr. 50,-.                                                         |
| Meddelelser nr. 24 | 1990 | Games people played. Gaming-pieces, boards and dice from excavations in the medieval town of Trondheim, Norway, n.kr.100,-. |
| Meddelelser nr. 25 | 1990 | 1000 years of pottery. An analysis of pottery, trade and use, n.kr. 50,-.                                                   |

Fig 7.

uttall 15/12-93

Axel

Fig. 7

"Merkelappar" av ulike utformingar (N 29077, N 28877 og N 29918).  
Teikning: Eleanor Forfang.